

**Referat etter møte 1/13 i Fagleg Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal
landskapsvernombåde****Tid:** 30. mai 2013 kl 14.30 – 16.30**Stad:** Skei Hotell, Skei i Jølster**Desse møtte:**

Inger Elin Nes Hjelle
Julie Sotnakk Aaland
Ole B. Årdal
Kjell Oddvin Hjellbrekke
Olav Svoen
Malvin Barlund
Håkon Myrvang
Rune Holen
Alf Erik Røyrvik (referent)

Meldt ikke møtt:

Ole Gimrestad
Nils Magne Gjengedal
Erik Solheim

Ikkje møtt:

Tore Humstad
Lars Indrebø

Sakliste:**1. Opning av møtet**

Håkon Myrvang opna møtet og innleia.
Håkon Myrvang vart valt til ordstyrar for møtet.
Det var ingen merknader til sakliste eller innkalling.

2. Styret og forvaltar informerer om saker og forvaltning sidan førre møte

HM gjorde generelt greie for kva type saker styret har handsama sidan sist møte. AER greia vidare ut om dei enkelte sakene der det var naudsynt.

Særleg vart «skiløypesaka» i Naustedalen diskutert. Olav Svoen kom med innspel om at fleire grunneigarar og interesser er ueinige i dei vurderingane som styret la til grunn i det løyvet. Styret noterte seg det.

Utalet er særsl positive til dei midlane som vert tildelt landskapsvernombådet og dei tiltaka som vert gjennomført basert på tildelingane.

3. Status på forvaltningsplan og klagesak

AER informerte om stoda på forvaltningsplan og klagesaker:

- Forvaltningsplanen har fått ein gjennomgang hjå DN og må gjennom nokre endringar før den kan sendast på høyring. Endringane går mest på struktur og oppbygging. AER er i gang med denne jobben
- Innspel frå Nils-Magne Gjengedal før møtet: *Forvaltningsplana må forventast å komme snarast, og iallefall i 2013*
- Klagesaker:
 - Fylkesmannen har trekt klagen i saka der Kjell Arnestad fekk løyve til å utvide hytta. Verneområdestyret sitt vedtak vert ståande og Kjell Arnestad får lov til å utvide hytta i tråd med det løyvet.
 - Skiløypesaka ligg framleis til handsaming hjå DN. Når DN har skrive tilråding vert den sendt vidare til MD.

4. Tiltak i verneområdet 2013

AER informerte om dei tiltaka som etter planen skal gjennomførast i 2013:

Bestillingsdialog:

Parkeringsplassar i Instedalen

Uttak av gran

Flyfotografering (SNO)

Stitiltak: Gjengedal, Vonavatnet, Stegsvatnet, Traudalen

Tiltaksmidlane:

Kan søkast på fortlopande.

Fordelt knappe 20.000 av dei totalt 100.000. Tildelt til skjøtsel på Arnestadstøylen og kartlegging av plantar.

Tiltak og prosjekt i 2013 på midlar frå i fjer:

Granuttak i Naustedalen

Infofilm for landskapsvernombrådet (medialinja på Mo og Jølster vgs).

Innspel før møtet frå NMG: Tiltak må vere å utbetre ræser med rydding og tregongar, evt. bruer der det trengst.

5. Motorferdsel i verneområdet

Styret og forvaltar ynskje innspel på korleis ein skal handsame motorferdselsøknader og kva linje forvaltninga skal legge seg på når det gjeld tildeling av løyper til ulike føremål.

Innspel som kom inn frå utvalet:

- Ynskje om strengare linje når det gjelder løypekøyring og hjelpekorpsa si kjentmannskøyring.
- Beitenæringer sin transport av saltstein bør heller skje med helikopter enn med snøskuter.
- Grunneigarane i Jølster er positive til dei løyva som er gjevne der og den linje som forvaltninga har lagt seg på det med tanke på nyttekøyring.
- Villreininteresse er nøgde med at forvaltninga har blitt flinkare til å sende motorferdselsaker på høyring til villreinnemnda.

Kommentarar frå forvaltninga:

- Innspela vert tekne til etterretning.
- Hjelpekorpsa si kjentmannskøyring: Rundskriv frå MD som i stor grad styrer dette. Villreininteressene og grunneigarar bør vere med på planleggingsmøte med hjelpekorpsa og politiet, og legge fram problemstillingane der.
- Forvaltninga vil ta kontakt med beitelaga med tanke på samordna saltsteintransport med helikopter.

6. Innspel frå utvalet til styret og forvaltninga

- Det er ynskje om å få til betre mobildekning frå Vonaområdet og innover i fjella. Dette vil vere positivt for fleire interesser. Forvaltninga bør jobbe for å få til dette, saman med andre instansar og interesser.

7. Ymse